



Annbjerg Vågen les og bak står fungerande sokneprest John Victor Selle og organist Reidar Algerøy. (Foto.: Ola Matti Mathisen)

"Så grønn en drakt, så rik en duft har smykket dal og enger! Nu strykes ømt av lys og luft de fagre urtesenger". Slik song dei 50 som kom til gudsteneste i løa på Søre Skorpevågen på Skorpo søndag ettermiddag. Det var så sant som det er skrive, for den fagre øya utanfor Uskedalen er i overdådig høgsommardrakt nett no.

Det heiter og i salma at "sin lykke, fred og sommerfryd må yre fugler prise". Det var også eit korrekt bilete, for småfuglane song friskt i dei ranke furukronene utanfor løa og blanda seg vakkert i salmesongen..

Fungerande sokneprest John Victor Selle hadde ikkje vore på Skorpo før og førsteinntrykket var sterkt for presten som no blir pensjonist.

- Her kjenner eg meg veldig heime ! Når eg ser meg rundt her i løa blir eg sett attende til ei kyrkje på misjonsmarken, sa Selle. Han sikta til ei kyrkje i Bangla Desh, der han gjorde teneste i ni år på 1970-talet.



Etter gudstenesta smaka det med ein matbit i sola. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det strålende sommerværet hadde gjort det mogeleg å halda den tradisjonsrike gudstenesta utomhus denne gongen, men løa er eit svært velegna lokale. Der kan folk sitja og til og med sitja mjukt samstundes som akustikken er svært god. Dette var Skorpo-gudsteneste nummer åtte og den femte som er halde i løa. Også i fjor kom det 50, men då var gudstenesta to veker seinare. No frykta arrangørane at det ikkje ville koma så mange då hyttefolket enno ikkje har rykka inn på øya for alvor. Men den frykten viste seg altså å vera ugrunna.

- Skorpo-folket fortener takk, det er kjempefint at dei vil oppretthalda denne gode tradisjonen, sa presten. Han

kom ein halvtime for seint og forklara det muntert slik: - No blir det nødvendig å fletta inn i kallsboka at gudstenesta starta 28 og eit halvt minutt for seint på grunn av prestens manglande harddisk! Men det bør også stå at han vart tilgjeve!

Forseinkinga gjorde ingenting, for halvtimen vart nytta til barnesong-syngjning leia av Nelly Kjærland.

Også i år var Reidar Algerøy organist og fekk det utrulege ut av instrumentet sitt – til dømes klokkelang og eit postludium som fekk det til å rykkja i dansefoten!



Organist Reidar Algerøy fekk det utrulege ut av instrumentet sitt. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er, som i fjor, sju fastbuande på Skorpo og alle var på plass i løa under gudstenesta sjølv om den yngste er to (Nikolai Vågen) og dei to eldste 85 (Nils Vågen) og 84 (Judith Vågen). Johannes Hauge (72) var også denne gongen travelt oppteke med å skyse folk over sundet.

Det heile vart runda av med servering – eit fint punktum for ein svært triveleg søndag på Skorpo. Men eit Skorpo-arrangement saknar vi denne sommaren – og det er den organiserte turen til topps på øya!

Av Ola Matti Mathisen



Alle dei sju fastbuande var til stades under gudstenesta.. Frå høgre sit Johannes Hauge, Judith Vågen, Annbjørg Vågen (frå Skorpo, men

bur i Bergen, med treåringen Nils Reiner på fanget), Ole Kristoffer Vågen og Anja Vågen. (Foto: Ola Matti Mathisen)